



PRESSEMELDING FRÅ SOGN OG FJORDANE ENERGI, 31.3.2020

SFE med rekordresultat

Sogn og Fjordane Energi leverer sitt beste resultat nokon gong med eit resultat etter skatt på 433 millionar kroner for 2019.

Konsernsjef Johannes Rauboti i Sogn og Fjordane Energi er svært godt nøgd med resultatet.

- Fjorårsresultatet er svært gledeleg. SFE er inne i ein periode med stor aktivitet og vekst og då er det avgjerande viktig å ha eit solid økonomisk fundament, seier konsernsjef Johannes Rauboti.

Samtidig peikar han på den alvorlege situasjonen Covid-19 pandemien no har skapt.

- Vi ser at våre investeringar framover vert eit bidrag til sysselsetting og aktivitet i tida som kjem. Det vert viktig for oss å halde framdrift, samtidig som vi tek vare på dei tilsette og sikrar økonomien i prosjekta, seier konsernsjefen.

Investeringane i 2019 var til saman på 623 millionar kroner. Selskapet har store vasskraftanlegg som Jølstra og Østerbø under bygging. I tillegg er det i 2019 investert 247 millionar kroner i nettanlegg for å styrke leveringstryggleiken og sørge for tilknytning av nye produksjonsanlegg og kundar.

Verdiendring kraftkontrakter

Ein viktig faktor til det gode resultatet er verdiauke på 95 millionar kroner på finansielle kraftkontrakter for framtidig levering. Dette er kontrakter som er inngått for å prissikre framtidig produksjon. Dette slår positivt ut på resultatet når kraftprisen i marknaden er redusert.

I 2019 var SFE sin kraftproduksjon 1 668 GWh. Dette er 327 GWh mindre enn i 2018. Spotprisen i området var i 2019 på 38,0 øre pr kWh, dette var 4,4 øre lågare enn året før.

- Vi har utnytta fleksibiliteten i kraftverka ved å produsere på tidspunkt med høge prisar. Dette saman med realisering av grønne meirverdiar har gjort at vi oppnådde ei auka kraftinntekt på 59 millionar kroner. Det er vi godt fornøgd med, seier Johannes Rauboti.

Ber om fullmakt til å utsette utbyttet

Situasjonen i samband med Covid-19 pandemien gjer at styret ikkje vil tilrå for generalforsamlinga å gjere vedtak om utbytte no. Den usikre situasjonen for norsk næringsliv og den finansielle uroa, kombinert med eit kraftig fall i kraftprisane, gjer at styret vil be generalforsamlinga om ei fullmakt til å ta stilling til ei utbytteutbetaling på inntil 120 millionar kroner på hausten. Dette vil i så fall vere det høgste «ordinære» utbyttet frå SFE nokon gong.

- SFE er ein solid verksemd og det er viktig for oss å bidra med utbytte for dei offentlege eigarane våre. På same tid finn styret det rett i ein slik situasjon å vente med å ta stilling til utbytte for 2019, seier Rauboti.



Den urolige situasjonen grunna Covid-19 pandemien, saman med svært stor kraftprisnedgang, gjer at SFE forventar eit vesentleg lågare resultat i 2020 enn i 2019.

Bakgrunnsinformasjon: Nøkkeltal

| Nøkkeltal (mill. kr.): | 2019: | 2018: |
|-------------------------------|--------------|--------------|
| Driftsinntekter | 1 685 | 1 681 |
| Driftsresultat | 668 | 571 |
| Resultat før skatt | 621 | 513 |
| Resultat etter skatt | 433 | 286 |

Kontaktpersonar

Konsernsjef Johannes Rauboti
Tlf 916 45 264

Konserndirektør Økonomi og Finans Martin Holvik
Tlf 916 95 234